
Fra: Jarle Næss
Sendt: mandag 18. november 2019 22:52
Til: Olaf Michal Hella
Kopi: Utdanningsforbundet Alver
Emne: Høyrings svar barnehage- og skulerute

Hei, Olaf.

Takk for at eg fekk levere innspelet etter at fristen hadde gått ut.

Utdanningsforbundet Alver har følgjande korte innspel:

- Skuleruta ser veldig grei ut, men det er eit ønskje frå Utdanningsforbundet at ikkje arbeidsgjevar på kommunenivå eller Nordhordland kompetanseregion legg beslag på både planleggingsdagen i november og den i februar. Vi ønskjer at bruken av planleggingsdagen i februar kan avgjerast på den einskilde skule, ut frå lokale prioriteringar. Mellom anna er det ein del skular som, med stort utbyte for lærarane, har laga opning for deltaking på fagleg-pedagogisk dag på UiB.
- Når det gjeld barnehageruta, har vi fått inn innspel på at ein ikkje kan leggje planleggingsdagar for neste barnehageår inn på dagar som tilhøyrrer inneverande barnehageår. He peikast det på at borna skal få det talet på dagar som foreldra har betalt for.
- Utdanningsforbundet Alver er godt nøgd med at søknadsfristen for flytting av elevfrie dagar er sett til 1.10.

Med helsing

Jarle Næss

Hovudtillitsvald Utdanningsforbundet Alver
Koordinerande hovudtillitsvald i kommunesamanslåinga

E-post: jarle.ness@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 97 18 10 66
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no

